

## ÅRSMELDING. 1983.

1983 har vore eit travelt år. Mest arbeid var det sjølvsagt med avviklinga av fylkeskappleiken. 19 og 20 mars. Det gjorde alle som var involvert ein svært god jobb, og derfor var kappleiken sett vel-lukka. Og me har fått mykje lovord over ~~allgemein~~ tilskipinga. Takk til alle medhjelparar.

Laget vårt stilte for første gong opp i tevling på kappleik i laagspel, og det vart ein 2. premie. Ellers så stilte svært mange av dansarane opp, med godt resultat og me hadde deltakarar i enkelt spel og nyskapning. Det var både spel og danseprinser kvar velje fram til våren, laget spalte til dans for Sogn Samvirkelag 26 mars.

Laget hadde ~~ca~~  $\frac{1}{2}$  times program på "Bjørnashowet" med laagspel, felejentene "Springaren" og andre dansar. 16 og 17 april var det kulturlørdag. Saman med dei andre lag i skipa me til program, og fest til inntekt for kjøp av video-utstyret.

Laget hadde i år hovedansvaret for 17 mai-arrangementet og hadde derfor møte med dei andre lag i og fordelte jobbene.

21. mai hadde me "skalkafest" på Tjellheim etter kappleiken. Me laide musikk fra Lærdal, slik at spelemennene også skulle få fri, og me hadde ein trivelig fest. Me viste kappleiken på video.

4.5.6. juni var det "gamaldansstemne i Sjåk". Det drog me 27 stk med buss og Åsmund var sjøfør. Felejentene deltok der <sup>på koncert</sup> som eiga grupper (dei lånte med seg "komp" frå ei anna gruppe). ~~laget~~ ~~kom~~ til konserter. Heile laget stilte også opp på konseret, dei og med kant "komp". Farle og

Harald stilte opp som gruppe. Laget spalte også til dans. Me leide eit hus for oss sjølv og hadde det kjempefint. Det vart sendt fleire radioprogram frå Sjåk, og laget vart så vidt med, med 1 låt. 3. juli var det "Amerika-stemne"; duster. Saurdag stilte laget opp ved breen og spalte og dansa til amerikanarane. Og det var svært godt mottøke. Amerikanarane åt middag på Tjellheim og der vart det meir dans og musikk. Og dansarane vart opptekne på film. Om kvelden var det fest i Gaupne og der deltok felejentene med i spele inn rommegrauten (den var det forresten Fostedal helslag som kokte og serverte.) Fintune spalte og til underhaldning. Søndag var det avslutning og der var me og med med dans og musikk. Og ~~stilte~~ laget fekk trampelklapp av amerikanarane då dei entra scena.

12-14 august var det Vestlandskappleik i Naustdal. Me leide buss og Åsmund stilte opp att. Me var 29 frå laget på stemna. Me leide heile dia turistheim. Laget deltok i dans og i laagspel. Me hadde med oss videoutstyret og tok opp ein del.

Landskappleiken var i Juni på Kongsvinger. Og nokre av dansarane deltok der.

1. sept. var det "Norsk musikkveke" og laget deltok etter oppfordring frå landslaget å støtte opp om folkehunnen i den veka. Me skipa til ein folkemusikk-konser, med vestlandsmeistrane Fastein Fjærstad og Håkon Høgemo, i tillegg til eigne krefter. Men dessverre svikta tilhøyrarane denne gongen. Berre 22. stk kom til konserten og ca 50 til dansen etterpå. 1. oktober var ein del av laget til Årdal

og deltok på konsert med spel og dans, og med dansemusikk om kvelden.

Felejentene deltok 18 nov. med underholdning på Luster turlag sin "Fjøla-kveld" på Eikum hotell. Songkoret hadde fest i skulen og laget bidrog med musikk underholdning.

Felejentene var til Gaupne og spalte for Luster Arbeidarlag då dei hadde vitjing av Gro Harlem Brundtland.

Speløringane har vore levar vake siden september. Farle Sperle tok på seg å vere leiar for trekkspelarane og Harald fortsette med felespelarane.

10 des. var laget til Kaupanger. Per gjorde dei opptak for NRK. "Folkemusikk-halvtimen" og til NRK. Førde. Me hadde med oss Asbjørg Ormberg for å få litt vokal folkemusikk og. Programmet vart sendt søndag 29/1-84. På Kaupanger var det og koncert og dans om kvelden. Der laget bidrog med sitt. <sup>me tilgjede burs og</sup> dansarane var med omkvelden. Radio programmet vart i saman med Sogn spelemannslag. Lokal-radioen sine opptak er ikkje sende endå.

Etter jul har felejentene spelt til underholdning JBK. og laget spalte til dans etter årsmøtet til J.V.L. Dette var gratis spelning som ein utan takke for det lejempe arbeidet dei gjorde med huset til kapelleiken.

Jam Ove Kroksjølet deltok på videokurs for laget i Gaupne. før jul.

Dit har vori 7 styremøter og 3 møter med dei andre lag.

Dagrun og Jarle deltok på årsmøtet i fylkeslaget, me hadde ikkje utsending til årsmøtet i landslaget i år, fordi det var på Vinstra, så det vart så langt å reise. (Sognetjelle-begen var stengd)

Dansesøringar vart det ikkje i haust. og til gammaldanskunset me prøvd å få igang, meldde det seg dette

1. deltagar. og det kunne me ikkje starte opp med. Dagrun og Jarle var til Sogndal på samrådingsmøte for Sogn 29. jan. Alle lag + Sogn ungdomslag og nokre enkelt personar var innkalla, men det var dårleg framme.

Laget hadde 68 medt. i 1983.

Videoutstyret brukte me ikkje så mykje i - 83. men me tok opp omrent heile kapelleiken vår, og hadde utstyr med på Vestlandskapelleiken og tok opp noko der.

### ARBEIDSPLAN. 1984.

Speløringane er me starta opp att. Farle leiar trekkspelarane og Harald felespelarane. Me skal prøve å sive på "Springaren" og andre dansar på same øringane. Dette vert eit proveprosjekt. Øringane er på mandagskveldane kl. 19<sup>30</sup> i skulen.

Håkon Høgemo skal ha ~~fjelkurs~~ med felespelarane. Dette vert helga-kurs over 2-3 helgar. Og den fyrste helgi vert 18/19 febr. Dette er eit kurs i samarbeid med fylkes-laget. (Det vil seie, dei deldejer mesteparten av utgiftene.)

Dersom det melder seg nok interesserte vert det eit kurs i song/kveding, med Hilde Bjørheim eller Elin Grysling som lærar. Det er ikkje datoer enda legt fastslegen. Dette er også i samarbeid med fylkeslaget.

Dit er også snakk om eit note-kurs i studiering.

Dit vart på samrådingsmøte i Sogndal vedteke å prøve å lage "samlinger" med spelemenn og dansarar i Sogn. (Same prosjekt dtiv dei med i Sunnfjord, med godt resultat, men dei har ikkje dei problema med ferje som me har. og kan lettare kome saman) Dit skulle prøvast med ein "samling

om våren og ein om hausten i førti omgang. Og datoer vart sett til 10 mars. Dette er for å styrke miljøet i distriktet, bl.a.

24/25 mars er det Fylkeskapspleik på Sande, med Gaular spelemannslag som tilskipar.

I juni er det "Gamaldansfestival i Dom" og landskapsleiken er på Odda.

I juli er det folkmusikkkleir i Sunnfjord. Dette er ut nytt opplegg, og det høyest interessant ut. Og dersom felejentene er interesserte bør dei vel få vere med der. Me har ikke teke stilling til turar, dette året. Det er vel noko som kan draftast her på årsmøtet.

Spelemannslaget er truleg 30 år i år. ~~Et~~ Medlemsbok, startar opp i 1954, og kassabok i 55. med ein sum som gjeld medlemspengar fra 1954. Dersom det stemmer så skulle me kanskje markert det på ein eller annan måte.